



Rehabiliteringa av skulen startar snart og ein samla kostnad på 4 millionar kroner vert finansiert ved 2,5 frå posten Uskedalen skule og 1,5 million frå posten til utbetring av skuler og barnehagar. I budsjettet for i år er det sett av 2,5 milllionar Det har kome inn 2 tilbod som begge ligg over denne summen.

I hovudtrekk skal dette skje:

- * NYE FASADAR
- * NYTT GOLVBELEGG
- * NYE DØRER
- * NYTT SKULEKJØKKEN
- * NY VASKESENTRAL
- * NY VARMESTYRING

Skulen har ikkje vore renoverert sidan han vart oppført i 1966. Han mista si godkjenning i 2010 etter forskrift om miljøretta helsevern på grunn av dårleg vedlikehald og innemiljø.

I 2012 vart det montert romaggregat i kvart klasserom med stor suksess med omsyn til luftkvaliteten, men det er framleis problem med temperaturen, særleg om vinteren då elevar og tilsette frys.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen